

## Betre oppdrag i båthamna og rullestolinngang til Strandstovo.

28.04.2020



Det er støypt og laga betre oppdrag i båthamna. F.v: Sigurd Myklebust, Hans Gustav Mussland og Trond Lekva Myklebust.

**Med vedtak på årsmøte i Uskedal Båtlag vart det i går, tysdag 28. april, utført arbeid med å forlenga og utbetra oppdraget. Dessutan vart det laga rullestolinngang til Strandstovo. Audun Eik og Sigurd Myklebust var dugnadsleiarar. Tidlegare leiar i båtlaget, Trond Lekva Myklebust, var sjåfør på betongbilen. Noverande leiar, Hans Gustav Mussland, var også med på dugnaden.**

Audun Eik fortel til Uskedalen.no at Geir Enes er grunneigar der oppdraget ligg. Difor er arbeidet gjort i samråd med han. Oppdraget kan brukast av alle utan kostnader. Det er som eit nyttig og sosialt tiltak for alle med båt. Med betong levert av Kvinnherad betong vart det støypt i nokre felt som var vaska bort i flomålet, noko som gjer at det er langt betre å koma til med båtvogner for å setja båten på sjø. Det vart også lappa i nokre felt ved slippen.

Med arrangement i Sjøstovo er det trong for leggja til rette for rullestolbrukskarar. Lett tilkomst er ein del av universell utforming av eit bygg for allmenn bruk.

Totalt vart det brukt nær på 3 kubikk betong.

Det vert dessutan i desse dagar gjort eit arbeid med å grusa opp deler av parkeringsplassen. Det sig nokre plassar. Difor er det grave opp, pukka på nytt, lagt duk og grusa. Med dette vil ein sjå om det sig meir, før ein legg oljegrus. Det er Haugland Maskin som har dette oppdraget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Rullestolinngang til Strandstovo er på plass. F.v: Leif Jarle Bergstø, Harald Koløy og Audun Eik.